



Lucia



Mål: Menneskeverdet, identitet og kulturelt mangfold. Skaparglede, engasjement og utforskartrøng. Demokrati og medverknad. Sosial læring og utvikling. Tverrfagleg kompetanse.

Utstyr: Data, høgtalar, digital skjermtavle. Kopiark til alle. Blyantar. Sakser. Lilla-/gull-/sølvfarga tråd.

«Lucia-messe eller lussimesse var i eldre tid ein religiøs høgtidsdag 13. desember til minne om Sankta Lucia.

Natta til den 13., *lussinatt*, vart rekna som den lengste natta i året, og dagen vart feira som ein lysfest. Skikken med å la ei kvitkledd jente, og i nyare tid også gitar, med brennande lys på hovudet, omgitt av oppvartande ternar, by på kaffi og kaker, såkalla lussekattar, om morgonen, stammar frå Tyskland etter reformasjonen. Lucia-feiringa fekk nytt liv i Sverige i 1927 og har breidd seg derifrå til andre land, som Noreg.» (Allkunne.no).



Lær songen Lussekatt og peparkake eller den tradisjonelle Santa Lucia frå songboka til Tunkatten: www.tunkatten.no/songbok/advent-og-jul/

Alle elevane får eit kopiert ark av Sankta Lucia. Klipp langs dei to rette, ustipla, svarte linjene. Brett deretter arket som eit trekkspel i fire like store delar, med hjelp av dei stipla hjelpestrekane. Klipp ut figuren langs dei svarte strekane. Ikkje klipp der det ikkje er strek! Resultatet skal bli ei lenkje med fire Lucia-figurar som heng saman. Figurane kan anten vere kvite eller fargeleggast. Fest gjerne alle lenkjene saman til ei lang rekke. Det blir veldig fint å hekte armane til Luciaene over ein lang, farga tråd som heng i vindaugget eller på tvers i klasserommet!

